

Vedlegg 1 Mandat - forprosjekt Tysnes kommune

MANDAT – FORPROSJEKT TYSNES KULTUR SKULE

1. Bakgrunn

I samband med budsjetthandsaminga av 2015 budsjettet, vart det uttrykt eit ynskje om ein plan for kulturskulen vedr. framtidig innhald. Planen skulle og innehalde ei totalvurdering av kostnader og ressursbruk, derunder vurdering av aktiviteter til sjølvkost.

Administrasjonen ynskjer å setja ned ei gruppe som skal sjå på kulturskulen og gje innspel til framtidige satsingsområder, gjerne med eit 5 års perspektiv.

Kulturskulen er med i Tysnes kommune sine planar om utviding av mellomtrinnet ved Tysnes skule. Me treng difor ikkje eit stort fokus på dette, me ynskjer alle ei oppgradering av Tysnes skule, inkludert kulturskule og vaksenopplæring, så snart det let seg gjera.

2. Mål

2.1 Resultatmål

Resultatmål er konkrete krav til prosjekresultat og skal vera objektiv målbare.

- Prosjektet skal levera ei fullstendig vurdering av kulturskulen i dag
- Prosjektet skal leggja fram ein plan for framtidig utvikling av kulturskulen i eit perspektiv på minimum 5 år.
- Prosjektet skal levera ein rapport som gjev grunnlag for at det kan gjerast vedtak om å om framtidig utvikling av kulturskulen i Tysnes kommune og gjerast turvande løyvingar til ei slik utvikling.
- Rapporten skal mellom anna kast lys over følgjande problemstillningar:
 - Innhald i kulturskulen, forventning frå brukarar og utviding av aktivitetsområde
 - Kulturskulen sine kjerneoppgåver – korleis auka kulturskulen sitt tilfang av barn og unge?
 - Kulturskulen sine sekundæroppgåver - skal kulturskulen framleis formidla tenester til kor og musikklag?
 - Sjølvkostmodell innafor kulturskulen
 - Samarbeid mellom Tysnes kulturskule og andre kulturskular i regionen.
 - Fysiske lokale ligg i hovudssak utanfor mandatet.
- Prosjektarbeidet skal vera avslutta innan 31. desember 2015.

2.2 Effektmål

Effektmål er krav og forventningar som oppdragsgjevar ønskjer å oppnå gjennom prosjektet i eit kort og langsiktig perspektiv.

- Prosjektet skal gi føresetnader for meir effektiv drift på lang sikt gjennom god fleksibilitet og vurdering av sambruk mellom kulturskulen og andre tenester.

- Prosjektet skal vere ei trygg ramme for ei kontinuerleg, open og samordna utvikling av kommunen og leggja til rette for godt samarbeid internt i kommunen og mellom kommuneorganisasjonen og samfunnet.
- Prosjektet skal bidra til at Tysnes kommune får eit godt omdøme blant dei som bur i og samarbeider med kommunen.
- Prosjektet skal gjennom utnytting av ny kunnskap verka til å leggja til rette for effektiv drift for komande periodar.

3. Organisering og ansvar

Prosjektleder har ansvaret for innkalling, arbeidsform og organisering av arbeidet i prosjektgruppa. Prosjektleder / prosjektgruppa vurderer sjølv behovet for deltaking av andre, for å utføra oppgåva i samsvar med mandat.

3.1 Oppdragsgjevar

Tysnes kommune ved kommunestyre er oppdragsgjevar og eigar av prosjektet. Utval for oppvekst og omsorg representerer prosjekteigar.

3.2 Styringsgruppe

Det vert etablert ei styringsgruppe med slik samansetning:

Rådmannen
Økonomisjef
Oppvekstsjef

Rådmannen er prosjektansvarleg og ber såleis det overordna ansvar for at prosjektet. All rapportering i prosjektet skal skje til rådmannen. Styringsgruppa er ansvarleg for vedtakspunkt og for å rapportera til utval for oppvekst som representant for prosjekteigar

Prosjektleder har ansvar som prosjektleder. Prosjektleder er ansvarleg for at prosjektet når sine overordna mål, og at avvik vert gjort kjent utan vidare opphald.

Prosjektleder har styring over ressursane som er tildelt prosjektet, dersom det er behov tilføring av ressursar skal det leggast fram for prosjektansvarleg.

Prosjektleder er ansvarleg for all rapportering, under dette oppfølging av rapportar til avtalt tid, framdriftsplan og sluttrapport.

3.4 Prosjektgruppe

Aud Kaldefoss	prosjektleder	oppvekstsjef
Yngve Nikolaisen	prosjektdeltakar	rektor kulturskolen
Are S. Lygre	prosjektdeltakar	rektor
Grete Barmen	prosjektdeltakar	Onarheim musikklag
Lena Sløgedal	prosjektdeltakar	barnehagerettleiar
Organisasjonane	prosjektdeltakar	organisasjonane utnemner sin representant

PL har ansvaret for innkalling, arbeidsform og organisering av arbeidet i PG.

PL / PG vurderar sjølv behovet for deltaking av andre, for å utføra oppgåva i samsvar med mandat. PL avklarar med PA ved behov for kjøp / bruk av eksterne ressursar.

3.5 Referansegrupper:

Prosjektgruppa skal aktivt syte for å halde følgjande interessentar orientert og trekkja dei direkte inn i arbeidet ved behov:

- Skulane sine foreldrearbeidsutval
- Organisasjonar som nyttar kulturskulen
- Foreldre med barn som nyttar kulturskulen sitt tilbod.
- Lokale tillitsvalde og verneombod.

Lista er ikkje uttømmende. Det skal leggjast vekt på stor grad av openheit i prosjektgruppa sitt arbeid.

4 Økonomi og rammevilkår

Det vert føresett at prosjektet vert å løysa gjennom tilpassingar innanfor vedtekne budsjetttrammer.

Styringsgruppa skal utan vidare orienterast om endringar i dei økonomiske føresetnadene for prosjektet. PL har fullmakt til å gjera omdisponeringar innan ovannemnde ramme.

5. Endring av mandat

Dersom det er trong for endring i mandatet eller presiseringar undervegs, skal styringsgruppa vurdere og eventuelt godkjenne endringane. Prosjektleiaren er ansvarleg for å fremje avgjerdegrunnlag til styringsgruppa.

6. Tidsramme – Oppstart og ferdigstilling

Oppstart av prosjektet skjer 15.08.15.

Sluttrapport med tilhøyrande tilråding til styringsgruppa skal vere ferdig innan 31.12.15.

Prosjektgruppa vert oppløyst ved overlevering av rapport. Det vert sett saman ei ny prosjektgruppe for hovudprosjektet.